
Saksnr: 2020/36298-8
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020

Endring av retningsliner for ordninga investeringstilskot til idrettsanlegg

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å samordne to tilskotsordningar med fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg frå 2021.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek dei reviderte retningslinene som ligg føre i denne saka.

Samandrag

For å redusere tal tilskotsordningar innan idrett og friluftsliv foreslår fylkesdirektør å slå saman to tilskotsordningar med fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg gjeldande frå 2021. Dette gjeld «Investeringstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg» og «Investeringstilskot til anlegg der ein skal arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap». Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningsliner for tilskotsordningane i PS 10/2020 og 11/2020 i møte 13.2.2020. I denne saka legg fylkesdirektøren fram forslag til reviderte retningsliner for ordninga.

Innsatsområda er forankra i Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025), Regional kulturplan for Sogn og Fjordane (2019-2027) og anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024 (tiltak 4 og 5).

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune (2020-2024) står det følgjande om anlegg for toppidrett: «Toppidrett har sterke særiddrettslege krav til anleggsbygging og -utvikling. Det må byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi for at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikla seg vidare i fylket, og at Vestland skal kunne vere vertskap for større internasjonale og nasjonale meisterskap». Tiltak 4 i handlingsprogrammet omhandlar investeringstilskot til anlegg der ein skal arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap.

Tiltak 5 i Anleggspolitikk for Vestland omhandlar investeringstilskot til kommunar som ikkje har idrettshall og/eller symjehall i Vestland fylke. 3 kommunar i Vestland fylke har ikkje idrettshall; Gulen, Samnanger og Masfjorden. Hyllestad kommune i Vestland fylke har ikkje symjehall.

For å redusere tal tilskotsordningar innan idrett og friluftsliv foreslår fylkesdirektør å slå saman desse to tilskotsordningane med fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg gjeldande frå 2021.

Føremålet med tilskotsordninga investeringstilskot til idrettsanlegg er:

1. at Vestland fylkeskommune skal stimulere til at alle kommunar i Vestland skal ha eigen idrettshall og symjehall. Anlegga gjev rom for varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitet. Erfaringa er at det vert skapt sær positive synergiar i lokalsamfunnet når denne type møteplass vert etablert.

2. å medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Delar av kostnadane til oppgradering av anlegga i samband med meisterskap vert ikkje dekkja gjennom spelemiddelordninga (dekker inntil 1/3 av byggekostnadane). Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har vore avgjerande for at meisterskap har vore og kan bli arrangert i Vestland fylke. Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert sidan 1993, med litt ulike innretningar.

Reviderte retningslinjer for ordninga investeringstilskot til idrettsanlegg:

- Arena for større nasjonale og internasjonale meisterskap
- Til kommunar som ikkje har idrettshall og/eller symjehall

Kven kan søkje?

Kommunar og andre anleggseigarar

Kva kan få støtte?

Fylkeskommunalt investeringstilskot vert berre løyvd til faste bygg/anlegg. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein vedteken kommunal plan som omfattar fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Vestland fylkeskommune kan gje inntil kr 2 mill. i støtte til kommunar som ikkje har symjebasseng og/eller idrettshall og som vil byggje denne type anlegg.

Vestland fylkeskommune kan gje støtte til kostnadskrevjande idrettsanlegg, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Storleiken på tilskotet vert vurdert utifrå godkjent finansieringsplan, ev. godkjend kostnadssum på spelemiddelsøknaden og ev. tilskot frå andre fylkeskommunale støtteordningar.

Krav til søknad

Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Vestland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av anlegget.

Søknaden knytt til meisterskapsanlegg skal innehalde ei vurdering frå respektivt særforbund om den nasjonale verdien til anlegget, og kva arrangement anlegget er planlagt å vere vertskap for. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg innan same idrett som finst frå før i Vestland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget frå det som allereie eksisterer.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til klagen, og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Budsjettpost 460100, tilskot til idrettsarbeid

Klima: Det viktig med fokus på ei berekraftig anleggsutvikling i Vestland.

Folkehelse: Anlegg for idrett er ein viktig for å styrke folkehelsa. Store meisterskap som kan vere inspirerende for å halde seg i aktivitet.

Regional planstrategi: Bidreg til å realisere Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, og Anleggspolitikk for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at hovudutval for kultur, idrett og integrering slår saman dei to tilskotsordningane knytt til fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg og vedtek retningslinene slik dei vert lagt fram i denne saka.